

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 .

Fylke: Nordland .

Tilleggsspørsmålnr. Tillegg av 1/3 53 Herad: Velfjord .

Emne: Helsing , fakter og åtfere Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strømpdal .

Gard:

(adresse): Sterbørja .

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fleire heimelsmenn .

SVAR

Måter å reise folk på.

A. Ved ymse høve .

Det mest vanlege var , at ville ein vise grannen at ein misslika noko han hadde gjort , så kom han ikkje på vitiing om han vart beden ~~xxxx~~ til ein festleg tilskipning eller til ein arbeidsdugnad . Ein kunne og i humeritiske vendingar segja det til grannen når dei møttest på ei fest , det skulle då helst segjast utan at ein kunne verta skulda for å irettesetja grannen . Han skulle smia som det vart uttrykt i bygdemålet her . Når dei som hadde høyrte på etterpå tala om hendinga kunne dei bruke uttrykk som : Han smia så fint at ein mest ikkje kunne skyna kva han sikta til . Men det kunne i andre høve verta sagt : Han smia så han ~~xxx~~ reint flådde skinnnet av honom . Det var ikkje skjeldan der fleire folk møttest , at kjenningar kom saman og beinfram øvde seg i slik smiing berre for morre .

1. Det var ei vanleg morre å slå kvarandre på helmen når dei dreiv på i slåtten . Det var likevel ikkje alltid at han som vart slegen på helmen var så mykje seinare å slå enn den andre . Det

kunne gott vera at han berre var mindre ~~xxx~~ påakt= sam . Det vart likevel i gamal tid rekna for å vera litt av ei skam å verta slegen på helmen . Men det var igrunnen meire skamm å verta slege ut av skära . Der det berre var høve til det brukte dei i slåtten å skårgå som dei kalla det . Var det då ein som vart for sein med si skår , så han laut vika ~~xx~~ romet for han som kom etter , så vart det rekna for eit mindremannsmerke . Det vart elles rekna for ei skamm eg om ein som kom etter ikkje greidde fylg= ja den som gjekk føre med skära si . Å verta slege på helmen var at det vart slege rundt kring den staden der han slo han som vart slegen på helmen . Det kunne verta gjort mykje merre med slik helm = slåing . Det hende eg at ein kunne verta skåre på helmen når ein dreiv på med kornskurden , men det var meire skjeldan . At det vart sett opp halm = figurar eller anna liknande har eg ikkje høyrte fortalt .

2. Her er ingen tradisjon om at det vart reist pålar eller stekkar langs ~~xxxx~~ veggen og ved dører til karar som var ute etter midnatt skir= tersdag , langfredag eller nokon annan natt . Det kunne nok verta gjort ymse spik til slike som var seint ute , serleg om ein hadde misstanke om at det var ein bygdagangar som var ute , men det var ikkje ved nokon sers dag .

3 . Her har vere tala om julsåka i Velfjæra eg , men neke nerare er det ikkje no folk minnst om det . Julesåka var visst å gjeva ~~xx~~ ris medan ein låg på senga . At nokon for frå gard til gard og gav julsåka hende nok skjeldan , den

lange avstanda mellom gardane var til hinder for det . Då er det meire minne om at den som ikkje fekk seg neke nytt til jul han skulle sitja på stabben juleaften . Men det vart berre sagt , om det har vere neken sermoni i det høvet i gamle dagar , så er dette gløymt. Likeeins er det med , at den hus=mera som ikkje får kalvekjøtt til jul , og den hus=faren som ikkje får kveite til jul , dei skal sitja på tøkja juleaften som det heiter i bygdemålet her. I alle desse tilfelle var det liksom eit mindremanns stempel vart sett på dei det gjekk ut over , dei var ikkje heilt karfør som dei sa det i bygdemålet her . Allvisst i seinare tid vart det berre ~~ta~~ tala om i spøk , men endå så seint som i 1890 åra ~~å~~ låg det så mykje av ein snert i erda , at alle prøvde få seg neke nytt til jul .

B. Ved å setja namn på folk.

4. Dei som gjekk ut på besøk første juledag dei vart kalla julepetter . Første juledag var fest=gen for familien og då skulle alle vera heime og feire jula heime ilag med dei andre i heimen .

5. Dei som ikkje fekk seg neke nytt plagg til jul dei skulle sitja på stabben juleaften , sa folk .

6 . Økenamn var ikkje så rett skjeldan , men som oftast vart dei lagt på folk berre for skøy . Sume av desse økenamna kunne vera mynta til ei eller anna mindre heldig side ved vedkemande . Eg kan her nemna nokre av dei : Ei mor som ikkje passa barnet sitt som ho skulle kunne verta kalla haremer . Mat =merskjemma var ei som var til skamm for matmera .

Ein som tura og drakk meire enn folk tykte var passende vart kalla sterblåsar. Ein som før etter gjentene meire enn folk tykte hævde seg vart kalla gjentefut. Han kunne og verta kalla tusenfriar. Matmør skjetsu var ei matmør som ikkje hadde maten eller husa reine . Andre klengjenamn var meire personlege , som : Snøtt (ein som var før liten til å greida det han skulle) . Tykje (ein som var vrang og vand å ha neke å gjera med) . Hellipe (ein som lest vera gudeleg , men ikkje sjølv levde etter læra) . Det var elles mange andre klengjenamn og .